



**KOMMUNEPLAN FOR SKJÅK
2020-2030 – AREALDEL
Planid. 5130038.**

**FØRESEGNER OG RETNINGSLINER
VEDTEKEN PLAN**

Planvedtak i kommunestyret i Skjåk
24.06.2021, sak 2021/59.
Endeleg versjon.

Innhald

KAP 1. INNLEIING	5
KAP 2. GENERELLE PLANFØRESEGNER OG RETNINGSLINER (PBL. § 11-9).....	5
2.1 Plankrav (PBL. § 11-9, nr. 1).....	5
2.2 Krav til samfunnssikkerheit (PBL. § 4-3 og TEK kapitel 7).	5
2.3 Byggegrense langs vatn- og vassdrag (PBL. § 1-8).	6
2.4 Handtering av overvatn (PBL. § 11-9, nr. 3)	6
2.5 Energiforsyning (PBL. § 11-9, nr. 3)	6
2.6 Miljømål for vassdrag, vatn og avlaup (PBL. § 11-9, nr. 3 og 6)	7
2.7 Bygging langs vegar og gangvegar (PBL. § 11-9, nr. 5).	7
2.8 Universell utforming (PBL. § 11-9, nr. 5).....	7
2.9 Støy (PBL. § 11-9, nr. 6).....	8
2.10 Bevaring av bygningsmiljø og kulturminne (PBL. § 11-9, nr.7).	8
2.11 Estetikk ved bygge- og anleggstiltak (PBL. § 11-9, nr. 6 og 7).....	8
2.12 Plassering og utforming av bygning, materialbruk og fargar.	9
2.12.1 Plassering av bygg og anlegg (PBL. § 11-9, nr. 5 og 6).	9
2.12.2 Byggjehøgde og grunnmur (PBL. § 11-9, nr. 5 og 6).	9
2.12.3 Tak (PBL. § 11-9, nr. 5 og 6).	9
2.12.4 Fargar og materialbruk (PBL. § 11-9, nr. 6).	9
2.12.5 Gjerdehald i utmark rundt fritidsbustadar (PBL. § 11-9, nr. 5 og 6).	10
2.12.6 Antenner, vindmøller m.m. (PBL. § 11-9, nr. 6).....	10
2.12.7 Transport av material og byggjeverar i utmark.	10
2.13 Føresegner om utbyggingsrekkefølge (PBL. 11-9, nr.4).....	10
2.14 Kvalitetskrav til leikeplassar og uteopphaldsareal.....	10
KAP 3. BYGNAD OG ANLEGG – PBL. § 11-7 nr. 1.....	11
3.1 Byggeområde for bustadbygnad.....	11
3.2 Byggeområde for fritidsbygnad.	12
3.3 Byggeområde for sentrumsformål.....	13
3.4 Byggeområde for forretning.....	13
3.5 Byggeområde for offentleg eller privat tenesteyting.....	13
3.6 Byggeområde for fritids og turistformål.	13
3.7 Område for råstoffutvinning.....	14
3.8 Byggeområde for næringsbygnad.	15
3.10 Byggeområde for idrettsanlegg.	15
3.11 Byggeområde for andre typar bygnad og anlegg.	16
3.12 Byggeområde for kombinerte bygnad og anleggsformål.	16

KAP 4. SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR – PBL. § 11-7 nr. 2.	16
KAP 5. GRØNSTRUKTUR – PBL. § 11-7 nr. 3.	18
5.1 Friareal.	18
5.2 Grønstruktur.	18
KAP 6. LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSFORMÅL SAMT REINDRIFT (LNFR) – PBL. § 11-7 nr. 5.	18
6.1 LNFR basert på gardens ressursgrunnlag (PBL. § 11-7, nr. 5a)	18
6.1.1 Dispensasjon for bygge- og anleggstiltak i LNFR-område.	19
6.1.2 Turstigar og tilrettelegging for friluftsliv i LNFR-område.	20
6.1.3 Deling i LNFR-område i samband med strukturrasjonalisering.	20
6.1.4 Skogshusvære i LNFR-område.	20
6.1.5 Bygningar på setre i LNFR-område.	20
6.1.6 Tilsynsbuar i LNFR-område.	21
6.2 LNFR for spreidd bustadbyggnad (PBL. § 11-7, nr. 5b)	21
6.3 LNFR for spreidd fritidsbyggnad (PBL. § 11-7, nr. 5b)	22
KAP 7. BRUK OG VERN AV VASSDRAG – PBL. § 11-7 nr. 6.	22
7.1 Verna vassdrag.	22
KAP 8. OMSYNSSONER PBL. §11-8.	23
8.1 Sikrings-, støy og faresoner (PBL. § 11-8a)	23
8.1.1 Sikringssone – område for grunnvassforsyning (H120).	23
8.1.2 Støysoner (H220 og H290).	24
8.1.4 Faresone for ras og skred (H310).	24
8.1.5 Faresone for flaum (H320).	25
8.1.6 Faresone skytebane (H360).	25
8.1.7 Faresone høgspenningsanlegg (H370).	25
8.2. Soner med særleg omsyn til landbruk, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, PBL. § 11-8 c.	26
8.2.1. Område med særlege omsyn til landbruk – sætermiljø (H510).	26
8.2.2. Område med særlege omsyn til friluftsliv (H530).	26
8.2.3. Område med særlege omsyn til landskap (H550).	27
8.2.4. Område med særlege omsyn til naturmiljø (H560).	27
8.2.5. Omsynssone som omfattar randsone til nasjonalt villreinområde (H580).	27
8.2.6. Område med særlege omsyn til kulturmiljø (H570).	28
8.3. Bandlagte områder, PBL. § 11-8 d.	29
8.3.1 Område som er bandlagt etter naturmangfaldlova (H720):	29
8.3.2 Område som er bandlagt etter kulturminnelova (H730):	29
KAP 9 FØRESEGNSOMRÅDE #1 – INDRE SENTRUMSSONE I BISMO	30

KAP 10	FØRESEGNER FOR SKILT OG REKLAME.....	31
10.1	Utforming og plassering av skilt og reklame.	31
KAP 11	BRUKSENDRING AV FRITIDSHUS TIL BUSTADHUS	32
	VEDLEGG TIL PLANFØRESEGNENE.....	34
A	Bustadeigedomar som er vidareført som byggeområde for bustadbygnad frå kommuneplanen frå 2011 (jf. kap. 3.1):	34
B	Bustadeigedomar som er lagt inn som byggeområde for bustadbygnad ved planrevisjonen (jf. kap. 3.1):	34
C	Bustadeigedomar som er endra frå byggeområde for bustadbygnad til LNFR spreidd bustadbygnad ved planrevisjonen (jf. kap 6.2):	34
D	Eigedomar for fritidsbustadar som er vidareført som byggeområde for fritidsbygnad frå kommuneplanen frå 2011 (jf. kap. 3.2):	34
E	Eigedomar for fritidsbustadar som er endra frå byggeområde for fritidsbygnad til LNFR spreidd fritidsbygnad ved planrevisjonen (jf. kap 6.2):	34

KAP 1. INNLEIING

Kommuneplanens arealdel er kommunens overordna dokument knytt til arealforvaltning, og skal saman med kommuneplanens samfunnsdel vise ønska samfunnsutvikling, behov forvern og utbygging og framtidig arealbruk. Kommuneplanens arealdel skal, saman med plan og bygningsloven (pbl.) og tilhøyrande forskrifter, leggjast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging.

Plankartet og planføresegnene har juridisk verknad etter pbl. § 11-6. Dei juridisk bindande føresegnene etter pbl. §§ 11-8 til 11-11 er ramma inn og teksta skrive med kursiv. Tekst som er utanfor ramme, er retningslinjer og merknader.

I samsvar med § 1-5 andre ledd i plan- og bygningsloven gjeld kommuneplanens arealdel ved eventuell motstrid før eldre plan eller planføresegn. Eldre reguleringsplanar sluttar ikkje å gjelde, men der kommuneplanens arealdel viser anna arealbruk, skal kommuneplanen vere førande ved revisjon av reguleringsplanen eller ved ny regulering. Kommuneplanen skal også vere retningsgivande ved dispensasjonsbehandling der det ligg føre eldre reguleringsplan, og det reguleringsplanen ikkje er i samsvar med kommuneplanens arealdel.

Kommunen har frå 2011 berre eit hovudkart for kommuneplanens arealdel, utan delplanar. Eldre delplanar er da ikkje lenger gjeldande.

Arealbruken er delt inn i følgjande hovudformål:

- Bygg og anlegg
- Samferdsel og teknisk infrastruktur
- Grønstruktur
- Landbruks-, natur- og friluftsmål
- Bruk og vern av vassdrag

KAP 2. GENERELLE PLANFØRESEGNER OG RETNINGSLINER (PBL. § 11-9).

2.1 Plankrav (PBL. § 11-9, nr. 1).

- a) *Innanfor områder avsett for bygge- og anleggsformål i planen, kan det ikkje startast opp tiltak etter pbl. §§ 20-1, 20-3 og 20-4 før området inngår i godkjent reguleringsplan, jf. pbl. § 1-6.*

b) *Reguleringsplan skal enten utarbeidast som områderegulering etter pbl. § 12-2 eller detaljregulering etter pbl. § 12-3. Private planer skal alltid utarbeidast som detaljregulering.*

c) *Unntatt frå kravet til reguleringsplan er: Utbygging på enkelttomter avsett til byggeområde for bustad eller fritidsbustad når enkelttomta ikkje inngår i et større utbyggingsområde, og tiltak etter pbl. §§ 20-1, 20-3 og 20-4 på eigedommar det allereie er bygd på eller på godkjente og frådelte tomter avsett til bustad eller fritidsbustad.*

2.2 Krav til samfunnssikkerheit (PBL. § 4-3 og TEK kapittel 7).

- a) *For alle bygge- og anleggstilltak skal det godtgjerast at det ikkje er fare for skred, flaum og erosjon. Nærare reglar om dette er gjeve i føresegnene kap. 8.1.4 - Faresoner for ras og skred og kap. 8.1.5 - Faresoner for flaum.*

b) *Krava til sikker byggegrunn i byggeteknisk forskrift (TEK) kapittel 7, gjeld også utanfor faresonene. Til dømes skal det bli godgjort at det omsøkte bygge- og anleggstilltaket ikkje sjølv medfører fare for skred, utgliding av masse, skred og erosjon i og utafor tiltaksområdet.*

2.3 Byggegrense langs vatn- og vassdrag (PBL. § 1-8).

- a) *Langs vassdrag som ikkje er verna, er det ikkje lov å føre opp nye bygg- og anlegg inntil 50 meter frå strandlinja målt i horisontalplanet ved gjennomsnittleg vasstand, jf. PBL. § 11-11 nr. 5. For område som er omfatta av reguleringsplan, kan byggegrensa vere ein annan. Byggegrensa mot vassdrag er her slik går fram av reguleringsplanen, og som er vist på kommuneplankartet.*
- b) *Langs verna vassdrag er det ikkje lov å føre opp nye bygg- og anlegg inntil 100 meter frå strandlinja målt i horisontalplanet ved gjennomsnittleg vasstand, jf. PBL. § 11-11 nr. 5. Langs mindre sideelvar og bekkar knytt til dei verna vassdraga er byggegrensa 50 meter.*
- c) *Unntatt frå 100-meters regelen for verna vassdrag, er nedre del av Skjøle. På vestsida av Skjøle er byggegrensa 50 m frå elvekant/kant flaumverk på strekninga frå grensa for Kolvangen til utlaupet i Ottaelva. På austsida av Skjøla følger byggegrensa innsida av den sekundære flaumvollen som er bygd ved Sæter, og vidare 50 m frå elvekant/kant flaumverk til utlaupet i Ottaelva.*
- d) *Langs vassdraga skal det avsetast kantvegetasjonsbelte (jf vannressurslovas § 11) ved nydyrking m.v. Langs hovudvassdraga Otta, Ostre, Skjøle og Tundre skal dette beltet utgjere min 15 m frå normalvasstand. Langs mindre vassdrag med årssikker vassføring skal beltet vera min 6 m.*

- Byggegrenser mot vassdrag er teikna inn på plankartet, men ikkje inne i område som er verna i medhald av naturmangfaldslova.
- Verna vassdrag i Skjåk er: Skjøle, Ostre, Tundre, Tora (m/Føysa), Glitra, Blankåe, Mårae, Åfotgrove og Lora med sideelvar, jf. kap. 7.1.
- Det kan unntaksvis bli gjeve dispensasjon for oppføring av tilbygg til eksisterande bygningar innafor byggegrense for vassdrag når det ikkje medfører auka tal på bueiningar, og tilbygget ikkje blir oppført nærare vassdraget enn eksisterande bygning.

2.4 Handtering av overvatn (PBL. § 11-9, nr. 3) .

- a) *Ved planlegging av nye byggjeområde, veger, fortetting eller endring av eksisterande tilhøve, skal det takast ekstra omsyn til overvatn. Overvatn skal handterast lokalt, på eigen grunn ved infiltrasjon, fordrøying eller på annan måte.*
- b) *Kommunen kan krevje eigen plan for overflatevatn blir utarbeidd og godkjent før utbygging.*

2.5 Energiforsyning (PBL. § 11-9, nr. 3) .

- *Byggeområde og byggverk skal lokalisrast og utformast med omsyn til energieffektivitet og miljøriktig energiforsyning, jf. byggt teknisk forskrift.*
- *Alle nye bygg skal planleggjast og utformast for å gje lågast mogleg energiforbruk til oppvarming, kjøling, lyssetting og andre formål.*
- *Kommunen kan tillate bruk av solceller og solfangarar til produksjon av energi på tak og fasadar for alle bygg kor dette ikkje kommer i konflikt med byggeskikk, kulturminne-, eller landskapsinteresser.*
- *Ved etablering av større anlegg for levering av fjernvarme som krev konsesjon etter energilova (over 10 MW), skal det vere tilknytingsplikt for nye byggverk innafor*

konsesjonsområdet. Nye byggverk skal da bli utstyrte med varmeanlegg slik at fjernvarme kan nyttast for oppvarming av rom, ventilasjonsvarme og varmtvatn. Tilknytingsplikta gjeld også ved rehabilitering av eksisterande bygg når rehabiliteringa er så omfattande at bygga utan vesentlege meirkostnadar kan bli lagt til rette for fjernvarme.

2.6 Miljømål for vassdrag, vatn og avlaup (PBL. § 11-9, nr. 3 og 6) .

- a) *Alle vassdrag skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand, jf. forskrift om rammer for vassforvaltninga (vassforskrifta) av 15.12.2006. Alle tiltak etter pbl. § 1-6 som råkar overflatevatn eller grunnvatn skal bli vurdert etter fastsette miljømål i gjeldande regional plan for vassforvaltning.*
- b) *Plan for vassforsyning og avløp skal fylgje byggesøknad/søknad om frådelling. Dersom ikkje anna er bestemt i føresegner m.m., skal desse spørsmåla handsamast etter plan- og bygnings- lova § 27-1 og 27-2, og etter forskrift om utslepp frå separate avløpsanlegg.*

- Dersom bygningen ikkje har utsleppsløyve (ikkje innlagt vatn), skal spillvatn tømast der det er minimal fare for forureining. Det skal ordnast med steinsett synkeum.
- Privetordning der det ikkje er gjeve utsleppsløyve, skal skje til godkjent biologisk klosett eller tilsvarande, eventuelt utedo der forholda ligg til rette for det. Det kan nyttast vakumtoalett eller tilsvarande med maks vassforbruk 1 l pr. nedspyling som blir ført til tett oppsamlingstank der det er tilkomstveg for tømebil. Der det ikkje er gjeve utsleppsløyve må vassforsyning vera frå innvendig sisterner.
- Framføring av kablar (strøm, kabel-TV m.m.) må plasserast mest mogleg skånsamt i terrenget (sjå punkt a). Slikt arbeid skal samordnast med framføring av veg og vatn så sant det let seg gjera.

2.7 Bygging langs vegar og gangvegar (PBL. § 11-9, nr. 5).

- a) *Byggegrenser mot riksveg og fylkesveg er avsett på plankartet i samsvar med retningslinjer for byggegrenser og avkøyrslar langs fylkesvegnettet vedteke av Oppland fylkeskommune 11.12.2012.*
- b) *Det er ikkje lov å føre opp nye bygg og anlegg nærare veg enn byggegrensene.*
- c) *Bygning skal ikkje plasserast nærare 15 meter frå annan offentleg køyreveg eller gang- og sykkelveg eller gangveg (stig) som er open for allmenn ferdsel (avstand frå midtlinja).*
- d) *Nye avkøyrslar til riks- eller fylkesvegar skal plasserast og utformast i samsvar med godkjent rammeplan for avkøyrslar utarbeida av Statens vegvesen (jf. Veglovas føresegner § 40). Ved ny eller endra bruk av avkøyrslar til riks- og fylkesveg må ein søkje vegstyresmakta om løyve.*

2.8 Universell utforming (PBL. § 11-9, nr. 5).

- a) *Ved utarbeiding av reguleringsplanar og i byggesaker som gjeld nybygg, rehabilitering og ombygging, skal det leggjast vekt på at alle bueiningar, offentleg bygg, næringsbygg, fellesområde og uteareal kan bli nytta av alle menneske i så stor utstrekning som mogleg, utan behov for seinare tilpassing eller spesiell utforming.*

2.9 Støy (PBL. § 11-9, nr. 6).

- a) *Retningsline for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442, skal leggjast til grunn ved behandling av tiltak nær støykjelder.*
- b) *Støyømfintlege tiltak skal ikkje lokalisrast innanfor kartlagt raud sone. Ved tiltak innafor gul sone, skal det gjerast støyberekningar og gjerast tiltak mot støy dersom grenseverdiane i T-1442 blir overskride.*

2.10 Bevaring av bygningsmiljø og kulturminne (PBL. § 11-9, nr.7).

- a) *Verdfulle enkeltbygningar, bygningsmiljø og andre kulturminne (t.d. teknisk industrielle kulturminne) skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar og settast i stand dersom det ikkje er til vesentleg ulempe for eigar eller samfunnet.*
- b) *Plikta til å undersøkje etter kulturminnelovas § 9 skal oppfyllest i forbindelse med utarbeidinga av reguleringsplanar, samt ved alle offentlege og større private byggetiltak som ikkje er avklart i reguleringsplan. Eksemplar på slike tiltak er store driftsbygningar i landbruket, landbruksvegar, VA-anlegg og e-verkstiltak. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å kontakte kulturminnemyndigheitene og sørge for at tiltaks- og reguleringsområdet blir avklart i forhold til kulturminne.*
- c) *Alle kulturminne frå 1537 eller tidlegare, er automatisk freda med heimel i kulturminnelova §§ 4, 6 og 8. Automatisk freda er også de til ein kvar tid ståande byggverk med opphav frå perioden 1537 – 1649. Alle tiltak som kan røre ved slike kulturminne skal leggjast fram for kulturminnemyndigheitene.*
- d) *Dersom det ved tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stanses i den grad det røyrrer ved kulturminna eller deira sikringssone på 5 meter, jf. kulturminnelovas § 8. Melding om funnet skal sendes til kulturminnemyndigheitene utan ugrunna opphald, slik at desse kan komme på synfaring og ta stilling til om tiltaket kan fortsette, og eventuelt vilkåra for dette.*
- e) *Tiltak som kan røyre ved kulturminne eller kulturmiljø skal leggjast fram for kulturmyndigheitene for uttale. Alle tiltak ut over vanlig vedlikehald på bygningar frå før 1850 skal meldes til kulturminnemyndigheitene. Søknader om tiltak på SEFRAK-registrerte og andre verneverdige bygningar skal leggjast fram for kulturminnemyndigheitene for vurdering.*

2.11 Estetikk ved bygge- og anleggstiltak (PBL. § 11-9, nr. 6 og 7).

- a) *Alle bygge- og anleggstiltak skal ha gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv, i forhold til funksjonen til tiltaket, naturlege og bygde omgjevnader og plassering.*
- b) *Omsyn til eksisterande bygningar og kulturmiljø må vurderast i kvart enkelt tilfelle.*

2.12 Plassering og utforming av bygning, materialbruk og fargar.

2.12.1 Plassering av bygg og anlegg (PBL. § 11-9, nr. 5 og 6).

- | |
|--|
| <ul style="list-style-type: none">a) Bygg og anlegg skal plasserast slik at dei bryt minst mogleg med naturpreget i området.b) Utsiktspunkt av særskild interesse for allmenta, og utsette parti og punkt som har særskilt mykje å seie for landskapskarakterar, skal ikkje byggjast ned.c) Bygg og anlegg skal ikkje plasserast slik at det kan vera fare for forureining av vassdrag.d) Hovudhus, uthus og eventuelt andre hus skal ha mest mogleg einsarta og samanhengande form i val av material som kledning, vindauge, taktekking og fargar. Innbyrdes plassering må gje husa eit preg av samanheng. |
|--|

- Kommunen vil ikkje godkjenne bygningsformer, material og fargar som i unødig grad framhevar husa i landskapet eller gjev dei eit utradisjonelt preg

2.12.2 Byggjehøgde og grunnmur (PBL. § 11-9, nr. 5 og 6).

Høgde på bygning og grunnmur over terreng skal haldast så låg som mogleg.

- | |
|---|
| <ul style="list-style-type: none">a) Maksimal høgde på grunnmur for fritidshus der tomta skråar, bør ikkje overstige 1m.b) Fritidshus må ikkje oppførast i meir enn 1 etasje. Maks mønehøgde skal ikkje overstige 5 m. Den lokale byggetradisjon med ramloftbygning kan godkjennast. Maks mønehøgde blir sett til 6,5 m. Midtstilt ark i staden for ramloft kan godkjennast. Ramloftdelen skal ikkje utgjere meir enn halvparten av lengderetninga av bygningen. |
|---|

2.12.3 Tak (PBL. § 11-9, nr. 5 og 6).

- | |
|--|
| <ul style="list-style-type: none">a) Tak skal utformast som saltak med takvinkel mellom 15° og 28°, tilpassa forma på husa. Ein skal unngå bruk av ulik takkonstruksjon, takvinkel og reisverkhøgde på same hus. For bustadhus og tilhøyrande uthus kan takvinkel aukast til 45°. Mindre uthus og smale reiskapsbygg kan utførast med pulttak.b) Taktekking skal utførast med material som har ein matt og mørk farge, og ha ei minst mogeleg reflekterande overflate.c) Montering av solcellepanel på tak, anten som taktekking eller oppe på eksisterande taktekking er tillate. Solcellepanela skal da ha ein mørk og matt farge, og minst mogeleg reflekterande overflate. |
|--|

2.12.4 Fargar og materialbruk (PBL. § 11-9, nr. 6).

- | |
|--|
| <ul style="list-style-type: none">a) Det skal nyttast materialar og fargar som har samanheng med naturen rundt (naturstein, skifer, torv, mørke jordfargar, mørk brun eller grå beis). Alle utvendige bygningsdelar inklusive vindskier, rammer rundt vindauga, hjørne- og dekkbord, skal ha tilnærma same mørke farge. Dører og rammer rundt vindauga kan påførast ei noko avvikande farge.b) Ljose eller sterkt avvikande signalprega fargar, som gjev store kontrastverknadar mot omgjevnaden, er ikkje tillate.c) I bustadfelta og områder der det tradisjonelt har vore vanleg med kvite bygningar, kan dette vidareførast. |
|--|

2.12.5 Gjerdehald i utmark rundt fritidsbustadar (PBL. § 11-9, nr. 5 og 6).

- a) *Det er ikkje tillate å setja opp gjerde rundt fritidsbustadar.*
- b) *Når særskilde forhold tilseier det, som f.eks. vern mot beitedyr eller når gjerde inngår som eit vesentleg ledd i busetnadens gruppering og utforming, kan det faste utvalet for plansaker, når grunneigar samtykkjer, tillate oppsetjing av gjerde.*
- c) *Om det er gjeve løyve til oppføring av gjerde, skal gjerde byggjast av treverk, og utformast slik at beitedyr ikkje kjem til skade, blir hengande fast eller kjem seg på innsida av gjerdet. Gjerdet skal vera så tett ned mot bakken som mogleg og med ei høgd på minst 1,10 meter. Maksimum ljosopning mellom borda 7 cm. Alle typar trådgjerde er forbode.*

- Nærare retningsliner om gjerdehald rundt fritidsbustadar er gjeve i kommunedelplan for beitebruk.

2.12.6 Antenner, vindmøller m.m. (PBL. § 11-9, nr. 6).

- Parabolantenner skal plasserast minst mogleg skjemmande på bygningen eller i terrenget.
- Høge antenner vil berre unntaksvis verte godkjent.
- Vindmøller er ikkje tillate på tomter for fritidshus og bustadhus.

2.12.7 Transport av material og byggjeverar i utmark.

- Ved byggeprosjekt som krev transport i utmark, skal material og byggjeverar fraktast med minst mogleg skader på naturen. Køyning for slik transport skal meldast Skjåk kommune på førehand. Utkøyning skal skje over stuttast mogleg tid.

2.13 Føresegner om utbyggingsrekkefølgje (PBL. 11-9, nr.4)

Det blir gjeve følgjande føresegner om utbyggingsrekkefølgje:

- a) Utbygging i områder avsett til bustad-, fritidsbustadar-, forretnings- og næringsformål kan ikkje startast opp før sikker vassforsyning av drikkevasskvalitet, avlaup og trafikkssikker tilkomst, inkludert avkøyringsløyve frå hovudveg, er avklara.
- b) Før kommunen kan gi ferdigattest/midlertidig bruksløyve til bustadar i nye byggeområder skal felles leike- og uteopphaldsareal og gang- og sykkelveggar være opparbeidd i samsvar med plan godkjent av kommunen.
- c) Krav om rekkjefølgje for utbygging av nye område for fritidsbustadar er gjeve i kap. 3.2, pkt. e og f.

2.14 Kvalitetskrav til leikeplassar og uteopphaldsareal.

Det blir gjeve følgjande kvalitetskrav til private og felles leikeplassar og areal for uteopphald:

- a) Ved sama utbygging av 5 eller fleire bueiningar skal alle bustadar ha tilgang til felles leikeplass på minimum 150 m² innan 100 m gangavstand. Arealet gis et tillegg på 15 m² for kvar bueining ut over 5. Etter vurdering kan arealtillegget heilt eller delvis falle bort for bueiningar under 60 m². Ein kvar bustad bør i tillegg ha tilgang til private areal for uteopphald.
- b) Krava til uteopphaldsareal slår også inn ved omdisponering av anna bygning/del av anna bygning til bustadføre mål.
- c) Dersom det etter kommunens skjønn er tilgang til annan leikeplass av tilfredsstillande kvalitet innan tilfredsstillande avstand frå bustadane, kan kommunen heilt eller delvis frita frå kravet i pkt. a.
- d) Leikeplassar over 300 m² skal bli opparbeid med tanke på barn i ulik alder, ikkje berre dei minste barna.
- e) Areal og anlegg for leik skal være sikra mot trafikkfare, støy, forureining og anna helsefare. Leike- og uteopphaldsareal skal ha tilfredsstillande støyforhold, jf. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016).
- f) Leikeplass bør være skjerma frå dominerande vindretningar. Minimum 50 % av leke- og uteopphaldsareal på terreng bør vere eksponert for sol ved vår- og haustjamndøgn mellom kl. 14-17.
- g) Ved utforming av leikeplassar bør det bli lagt vekt på å ivareta stadens naturgitte kvalitetar og moglegheiter, så som topografi og store trær. De naturgitte kvalitetane supplerast med leikeapparat og evt. terrengarbeider.
- h) På felles leike- og uteopphaldsareal skal nokon gangveggar vere universelt utforma med eit så lavt stigningsforhold som råd, helst ikkje større enn 1:20, unntaksvis 1:12 over svært korte strekningar. Tilkomsvegen skal være utan trinn.
- i) I detaljreguleringsplan skal areal til leikeplass vises som eget formål i plankartet.

KAP 3. BYGNAD OG ANLEGG – PBL. § 11-7 nr. 1.

Bygnad og anlegg omfattar i kommuneplanens arealdel for Skjåk følgjande underformål: bustadbygnad, fritidsbygnad, sentrumsformål, forretningar, bygnad for offentlig eller privat tenesteyting, fritids- og turistformål, råstoffutvinning, næringsbygnad, idrettsanlegg, andre typar bygnad og anlegg og kombinert bygnad og anlegg.

3.1 Byggeområde for bustadbygnad

Det er sett av areal med arealbruksformål *Bustadbygnad – eksisterande* - på plankartet på Bismo, Aurmo og Dønfoss. Desse områda inngår i godkjente reguleringsplanar.

I tillegg ligg det 112 eksisterande bustadeigedomar inne på plankartet med arealbruksformål *Bustadbygnad – eksisterande* - på plankartet som ikkje er regulert. Desse ligg både som enkelttomter eller fleire tomter samla. 83 av desse tomtenes er vidareført frå gjeldande plan, medan 30 er nye. Det er gjort ei konsekvensutgreiing i forhold til kva for tomter som skulle vidareførast og kva for tomter som skulle kome inn som nye som del av planarbeidet. Liste over dei bustadtomtenes som ligg i planen som *Bustadbygnad – eksisterande* – ligg som vedlegg til planføresegnene.

For areal med arealbruksformål bustadbygnad gjeld desse føresegnene (PBL. § 11-9 nr.5):

- a) På tomt for einebustad kan bustad oppførast med ein eller to etasjar med bruksareal inntil $BRA = 300 \text{ m}^2$. Bruksareal heilt under terreng (kjeller) inngår ikkje i berekning av bruksarealet for bustadhuset. I tillegg kan det oppførast garasje/uthus med samla bruksareal inntil $BRA = 150 \text{ m}^2$. Utnyttingsgrad skal likevel ikkje vere større enn bygd areal $BYA = 30 \%$ av tomtestorleiken. Reguleringsplan kan setje avgrensingar av utnyttingsgrad i forhold til denne regelen. For bygging på tomter for fleirmannsbustadar, rekkehus, kjedehus, blokk eller terrassert bygnad, blir bruksarealet fastsett i reguleringsplan.
- b) Garasje/uthus skal stå i stil med bustadbyggnad både når det gjeld byggjeskikk og volum.

Når det gjeld definisjon av BRA og BYA viser ein til § 5-4 vegleiaren «Grad av utnytting» frå Kommunal og moderniseringsdepartementet.

Det er sett av to nye areal med arealbruksformål *Bustadbyggnad – framtidig* - på plankartet:

BB01 ligg på tomte til det gamle reinseanlegget i Bismo. Arealet omfattar om lag 2,5 dekar og er avsett for bygging av tomannsbustadar eller liknande.

BB02 ved Hulderhaugen i Bismo. Arealet er på dyrka mark, og det blir stilt krav om høg utnyttingsgrad. Arealet omfattar om lag 59 dekar. Reguleringsplan vil avklare arealutnyttinga, og ein ser for seg bygging ulike typar fleirmannsbustadar, eventuelt i kombinasjon med nokre tomter for einebustadar.

For dei nye byggeområda BB01 og BB02 gjeld desse føresegnene (PBL. § 11-9 nr. 1 og 4):

- c) For område BB01 er det krav om utarbeiding av eller revisjon av reguleringsplan før utbygging. Det blir stilt krav om utnyttingsgrad på minimum 2,0 bustadar pr. dekar av totalarealet avsett i kommuneplanen.
- d) For område BB02 er krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging. Før utbygging av område BB02 er det dessutan krav om å gjere ny skredutgreiing som er i samsvar med tryggleikskrav i byggeteknisk forskrift og planlegging og gjennomføring av sikringstiltak før evt. utbygging kan skje. Utbyggingsarealet er på dyrka mark, og det blir stilt krav om utnyttingsgrad på minimum 2,5 bustadar pr. dekar av totalarealet avsett i kommuneplanen/minimum 3 bustadar pr. dekar av regulert bustadareal i reguleringsplan. Av omsyn til jordvernet skal ikkje område BB02 byggjast ut før 47 bustadtomter som er utlagt i reguleringsplan for Skei er utbygde eller selde (80 %). Ved reguleringa av BB02 skal det bli fastsett utbyggingsrekkefølgje for stegvis utbygging av arealet, slik at areal som ikkje blir bygd på framleis kan driftast som dyrka mark på ein tenleg måte.

3.2 Byggeområde for fritidsbyggnad.

Det er sett av areal med arealbruksformål *Fritidsbyggnad – eksisterande* - på plankartet for areal som inngår i godkjende reguleringsplanar på Breidablikk, Grotli, Billingen, Heggebottlia, Pollodden, Aurmo og ved Liavatnet.

Det er vidareført areal med arealbruksformål for utbygginga av fritidsbustadar frå kommuneplanens arealdel frå 2011 i Skjåkmorkje og ved Dønfoss. For desse områda er det krav om utarbeiding av reguleringsplan.

I tillegg ligg det 4 eksisterande hytteeigedomar inne i planen med arealbruksformål fritidsbyggnad – eksisterande - på plankartet. Desse er vidareført frå tidlegare kommuneplanar, og er ikkje er omfatta av reguleringsplan. Liste over desse ligg som vedlegg til planføresegnene.

For areal med arealbruksformål byggeområde for fritidsbustadar gjeld desse føresegnene (PBL. § 11-9 nr.5):

- a) *Fritidsbustader kan oppførast med samla areal inntil BRA= 125 m². I tillegg kan det byggjast inntil 40% terrasse av arealet ovanfor eller maks 40 m². Utnyttingsgrad skal likevel ikkje vere større enn bygd areal BYA = 30 % av tomtestorleiken. Reguleringsplan kan setje avgrensingar av utnyttingsgrad i forhold til denne regelen.*
- b) *Fritidsbustader som ligg i område som er omfatta av reguleringsplan for Grotli (planid. 51300023) og den del av reguleringsplan for Billingen (planid. 51300024) som ligg nord for RV15, kan oppførast med samla areal inntil BRA=180 m². I tillegg kan det byggjast inntil 40% terrasse av arealet ovanfor eller maks 40 m².*
- c) *Krav til utforming av tomt og bygningar skal gå fram av reguleringsplan. Desse krava skal være i tråd med føresegnene i kommuneplanens arealdel.*

Når det gjeld definisjon av BRA og BYA viser ein til § 5-4 vegleiaren «Grad av utnytting» frå Kommunal og moderniseringsdepartementet.

Det er sett av eitt nytt areal med arealbruksformål *Fritidsbyggnad – framtidig* - på plankartet: BF03 Grotli

Det er krav om utarbeiding av reguleringsplan og knytt reglar om utbyggingsrekkefølge for det nye området (PBL. § 11-9 nr. 1 og 4):

- d) *For område BF03 er det krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.*
- e) *I område BF03 kan det ikkje delast frå tomter eller oppførast nye fritidsbustadar før det er bygd på 60 av tomtene (80 %) i reguleringsplanen for Grotli fritidsbustadområde.*
- f) *Ved regulering og utbygging av BF03, skal vegtilkomst skje til eksisterande avkøyrslar til RV15*

3.3 Byggeområde for sentrumsformål.

Det er sett av eit mindre areal med arealbruksformål *Sentrumsformål – eksisterande* - på plankartet som omfattar bussterminalen på Bismo. Det er ikkje sett av nye område.

3.4 Byggeområde for forretning.

Det er sett av areal med arealbruksformål *Forretning – eksisterande* - på plankartet som omfattar forretningar, kontor, handverksverksemdar, produksjon av lokalmat/tradisjonsmat og servicebedrifter. Det er ikkje sett av nye område.

3.5 Byggeområde for offentleg eller privat tenesteyting.

Det er sett av areal med arealbruksformål *Offentleg eller privat tenesteyting – eksisterande* - på plankartet som omfattar mellom anna skular, sjukeheim, kyrkjer, offentleg administrasjon og kommunalteknisk verksemd. Det er ikkje sett av nye område.

3.6 Byggeområde for fritids og turistformål.

Det er sett av areal med arealbruksformål *Fritids og turistformål – eksisterande* - på plankartet som omfattar reiselivsverksemd, skitrekk m.m.

Det er sett av eit nytt område:

BFT01: Utbyggingsareal for fritids- og turistformål på Søre-Heggebotn og Heggeli.

For område BFT01 gjeld denne føresegna (PBL. § 11-9 nr. 1):

- a) *For område BFT01 er det krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging/areal blir teke i bruk for ny arealbruk.*

For låge bygg på campingplassar som ikkje er omfatta av reguleringsplanar gjeld følgjande regelverk, jf. PBL. § 11-9 nr. 5 og 6:

- a) *Spikartelt er søknadspliktige tiltak etter Plan- og bygningslova. Ved søknad skal byggesaka avklarast med eigar av campingplass og naboeiningar.*
- b) *Totalt bygd areal for spikertelet eller fortelt skal ikkje overstige BRA = 25 m²*
- c) *Breidde kan vera inntil 3,5 m og lengde som campingvogn utan drag.*
- d) *Spikartelt, fortelt og platting/terrasse skal til saman ikkje overstige BRA = 40 m²*
- e) *Høgda på spikartelt skal ikkje overstige høgde på campingvogn, men mønespiss kan likevel vera 0,2 m høgare.*
- f) *Kommunen kan godkjenne takoverbygg over campingvogner i område med store mengder snø som kan skade vogna.*
- g) *Det er ikkje lov med fundamentering som føreset graving. Platting/terrasse skal leggjast på terrengnivå.*
- h) *Mellom låge byggverk skal det vera minimum 8 m innbyrdes avstand, med mindre det er gjort tiltak for å hindre spreining av brann mellom byggverka. Dette gjeld også brennbare konstruksjonar som er høgare enn 0,5 m*

3.7 Område for råstoffutvinning.

Det er sett av 3 område med arealbruksformål *Råstoffutvinning – eksisterande* - på plankartet. Dei omfattar eksisterande område for grustak, anlegg for sortering/knusing av masse og masselagring.

Dei eksisterande områda er:

- Framruste: Grustak (tunnelmasse), ligg i regulert område (planid. 5130017)
- Flatmoen: Grusuttak som ligg i regulert område (planid. 5130010)
- Kuhølgrova: Grustak som ligg i regulert område (planid. 5130037)

Det er sett av 8 nye område med arealbruksformål *Råstoffutvinning – framtidige* - på plankartet. Dei omfattar område for uttak av grus og steinmassar, område for anlegg for sortering/knusing av masse, område for lagring av masse og område for uttak av naturstein/murarstein:

- BRU01: Massetak i Skjôle. Ligg i regional plan for Gudbrandsdalslågen – justert og utvida.
- BRU05: Massetak ved utlaupet av Tundri. Ligg i regional plan for Gudbrandsdalslågen.
- BRU07: Masselager/grusbehandling i Brumillom.
- BRU08: Steinbrot i Heggeruste
- BRU09: Steinbrot ved Storlivegen vest for Sotilgrove
- BRU10: Massetak i Skjôle

For område for råstoffutvinning gjeld følgjande føresegn (PBL. § 11-9 nr. 1):

- a) *Før nye område for råstoffutvinning eller at eksisterande område for råstoffutvinning vert vesentleg utvida, skal det bli utarbeidd og godkjent reguleringsplan for området, jf. Pbl. § 11-9 nr. 1.*
- b) *Detaljreguleringsplan skal ha føresegnar om omfang, deponi og reglar for avslutting av anlegget.*
- c) *Drift skal skje i samsvar med føresegnar i minerallova med gjeldande forskrifter, samt i vilkår i løyve etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning er myndigheit etter lova*

Vidare gjeld desse retningslinene:

Alle massetak med uttak over 500 m³ skal meldast Direktoratet for mineralforvaltning, som kan krevje driftsplan før uttak vert sett i gong, jf. Minerallovas § 42.

Alle masseuttak med samla uttak større enn 10.000 m³ krev driftskonsesjon frå Direktoratet for mineralforvaltning. Dette inneber også driftsplan som skal godkjennast av direktoratet.

Masseuttak i samband med bygging og vedlikehald av landbruksveggar kan behandlast etter landbruksvegforskrifta.

Forhold omkring trafikkavvikling skal utgreiast nærare ved detaljregulering for område for råstoffutvinning.

3.8 Byggeområde for næringsbyggnad.

Det er sett av område med arealbruksformål *Næringsbyggnad – eksisterande* - på plankartet. Dei omfattar eksisterande område for ulike produksjonsbedrifter, industri og lager.

Det er sett av nye område med arealbruksformål *Næringsbyggnad – framtidig*- på plankartet:

- BN03 og BN04: Dønfoss (oppfor Øyberget kraftstasjon)
- BN06 og BN07: Tundramoen
- BN08: Område sør for Lundahaugan

For område BN03, BN06, BN07 og BN08 gjeld desse føresegnene (PBL. § 11-9 nr. 1):

- a) *For område BN03, BN04, BN06, BN07 og BN08 er det krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.*
- b) *For område BN03, BN04 og BN08 kan det berre etablerast næringsverksemd (lettare industri/verkstad/ lager) som gjev lite støybelastning og støvutslepp mot omgjevnaden.*
- c) *Før regulering og utbygging av BN03 og BN04 må det skje ei avklaring i forholda til konsesjonsvilkåra som er gitt for området etter energilova og som bind opp bruken av massedeponiet, slik at desse blir endra slik at det kan tillatast næringsutbygging i området.*

3.10 Byggeområde for idrettsanlegg.

Det er sett av område med arealbruksformål *Idrettsanlegg – eksisterande* - på plankartet. Det omfattar m.a. idrettsbane, skianlegg, motorsportsanlegg, og skytebaneanlegg. Det er lagt ut eit nytt område:

BI01: Skytebaneanlegg for leirdueskyting i Botten.

For område BI01 gjeld denne føresegna (PBL. § 11-9 nr. 1):

a) *For område BI01 er det krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging/areal blir teke i bruk for skytebane.*

3.11 Byggeområde for andre typar bygnad og anlegg.

Det er sett av område med arealbruksformål *Andre typar bygnad og anlegg – eksisterande* - på plankartet. Det omfattar m.a. anlegg for produksjon og distribusjon av energi, tele, vassforsyningsanlegg, avlaupsanlegg, flaumverk, flaumvollar og skredvollar.

Det er sett av nye område med arealbruksformål *Andre typar bygnad og anlegg – framtidig*- på plankartet:

BAS01 omfattar areal for anlegg av flaumvoll for sikring av Bismo mot flaum frå Ottaelva. Arealet er delt i 3 delar: BAS01A, BAS01B og BAS01C. For desse gjeld denne føresegna (PBL. § 11-9 nr. 1):

a) *For område BAS01A, BAS01B og BAS01C er det krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging.*

3.12 Byggeområde for kombinerte bygnad og anleggsformål.

Det er sett av område med arealbruksformål *Kombinert bygnad og anlegg – eksisterande* - på plankartet.

Det er i tillegg lagt følgjande nye område for kombinerte bygge og anleggsformål framtidige i planen:

- KAB01 - Marlo skule: Bustad/kontor/forretning.
- KAB02 – Bismo: Flaumsikring/gang- og sykkelveg
- KAB03 – Signegarden: Kontor/forretning/bustad
- KAB04 – Industrivegen 19: Museum (buss)/forretning.
- KAB05 – Industrivegen 2 og 10: Kontor/forretning/verkstad/bustad
- KAB06 – Skamsarvegen 1: Kontor/forretning/bustad
- KAB07 – Skjåkvegen 1255 og 1257: Kontor/forretning/bustad
- KAB08 - Skjåkvegen 1247 og 1249: Kontor/forretning/bustad
- KAB09 – Bellingdalsvegen 2, 6, 10, 11, 12 og 13: Kontor/forretning/bustad
- KAB10 – Nordberg skule: Kontor/bustad/lager

KAP 4. SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR – PBL. § 11-7 nr. 2.

Viktige ledd i kommunikasjonssystemet skal visast på plankartet og skal vektleggjast ved etablering av nye byggeområde og bruk av areal.

Viktige ledd i kommunikasjonssystemet som er vist på plankartet med linesymbol er:

- Hovudveg (RV 15)
- Samleveg (fylkesveg og nokre viktige kommunale vegar)
- Tilkomstveg (kommunale vegar og nokre private vegar)
- Parkeringsareal
- Gang- og sykkelveg
- Sykkelstig i Billingsdalen
- Turløyper

Vegareal (veg og sideareal) er også dels vist med arealbruksformål som flater: *Samferdselsareal og teknisk infrastruktur*. For veg og gang- og sykkelveg langs desse gjeld det alle hovudveg og samleveg med sideareal, samt nokre tilkomstveg. Sentrale og større parkeringsplassar er også vist med arealbruksformål som flater.

Det er lagt i følgjande nye samferdselsanlegg i planen (med liner og arealbruksformål):

- GSV1: Gang-/sykkelveg langs RV15 frå Vollungsbrui til Brukrokan (0,7 km)
- GSV2: Gang-/sykkelveg langs RV15 frå Brukrokan til Marlosgeilen (3,0 km)
- GSV3: Gang-/sykkelveg langs RV15 frå Marlosgeilen til Lom grense (5,2 km)
- GSV4: Gang-/sykkelveg langs FV2646 frå Vollungsbrui mot Aurmoen (0,6 km)
- GSV5: Gang-/sykkelveg langs Brukrokan (0,2 km)
- GSV6: Gang-/sykkelveg langs FV2650 Skamsarbrui - Bokkoden bru (2,5 km)
- GSV7: Gang-/sykkelveg langs FV2650 ved Dønfoss camping (0,5 km)
- GSV8: Gang-/sykkelveg langs FV2648 frå Skamsarbrue (0,2 km)
- Veg1: Vegomlegging/ny tilkomstveg til næringsområde BN08 (0,2 km)
- Veg2: Ny tilkomstveg til næringsområde BN03 og BN04 ved Dønfoss (0,5 km)
- Veg3: Ny tilkomstveg til tomter i Bismo industriområde (0,1 km)

For samferdselsanlegg gjeld desse føresegnene (PBL. § 11-9 nr. 1 og § 11-10 nr.4):

- a) *Offentleg køyreveg og gang- og sykkelveg skal ikkje byggjast ut før desse inngår i godkjent reguleringsplan.*
- b) *Sykkelstig gjennom Billingsdalen kan byggjast ut i samsvar med forskrift for landbruksveg. Før utbygging kan starte, skal kulturminnemyndigheitene godkjenne vegtraseen.*
- c) *For riksveg gjeld rammeplan for avkøyrslar, fastsett av Statens Vegvesen.*

For bygging av private tilkomstveg til bustadar, fritidsbustadar og andre byggeområde gjeld desse føresegnene:

- d) *Anlegg av veg og parkeringsplass er søknadspiktig etter PBL. § 20 -1. Kommunen kan stille krav om utarbeiding av reguleringsplan.*
- e) *Vegframføring i eit bustadfelt eller hyttefelt skal samordnast.*
- f) *Vegane må plasserast slik at dei ikkje bryt med naturpreget området har. Utsiktspunkt av særskild interesse for allmente, og utsette parti og punkt som har særskilt mykje å seie for landskapskarakteren, skal takast vare på og ikkje skjemmast av vegutbygginga.*
- g) *Vegane skal vera tilpassa transport og framkomst av forflyttingshemma.*

Etablering av nye avkøyrslar eller utvida bruk av eksisterande frå riks- og fylkesveg skal, dersom avkøyrsla ikkje inngår i godkjent reguleringsplan, vurderast i samsvar med

rammeplan for avkøyrslar for riksvegar og retningslinjer for byggegrense og avkøyrslar langs fylkesvegar vedteke av Fylkestinget i Oppland 11.12.2012.

Funksjonsklasse	Byggegrense	Haldningsklasse	Veger
A-Nasjonal hovedveg	50 m	Svært streng haldning	RV15 Skjåkvegen
B-Regional hovedveg	50 m	Streng haldning	FV 63 Langvatn – Møre og Romsdal
C-Lokal hovedveg	30 m	Streng haldning	Fv 2646, Ånstad – Marlo Fv 2646, Skjoret – Marlo Fv 2648, Lundavegen Fv 2650, Nordberg solside Fv 258, Strynsfjellvegen
D- Lokal samleveg	20 m	Mindre streng haldning	-----
E-Lokal tilkomstveg	15 m	Lite streng haldning	FV 2646 Marlo – Lom grense Fv 2652 Bråtåvegen

KAP 5. GRØNSTRUKTUR – PBL. § 11-7 nr. 3.

5.1 Friareal.

Det er avsett areal som *Friområde – eksisterande* - i planen. Dette gjeld i fyste rekkje friområde i tilknytning til bustadfelt. Leikeplassar og parkanlegg kjem under kategorien friområde, og som oftast ligg desse areala i vedteken reguleringsplan og er eigd av det offentlege.

I område lagt ut som friareal kan det mellom anna bli tilrettelagt med leikeutstyr, bli bygd turvegar og bli oppført mindre bygningar som er i samsvar med bruken av området som friområde.

5.2 Grønstruktur.

Det er avsett areal som *Grønstruktur – eksisterande* - i planen. Areala omfattar friluftsområde og turdrag som har mindre grad av tilrettelegging. Tilrettelegging med turstigar og turvegar kan i hovudsak skje utan krav om reguleringsplan.

KAP 6. LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSFORMÅL SAMT REINDRIFT (LNFR) – PBL. § 11-7 nr. 5.

Dette er areal som skal nyttast til landbruks-, natur- og friluftsformål. Innafor desse areala er det også fleire bustader og fritidsbustadar.

6.1 LNFR basert på gardens ressursgrunnlag (PBL. § 11-7, nr. 5a)

Innafor areal i denne LNFR-kategorien gjeld følgjande føresegner:

- a) *Innafor LNFR-områda (PBL. § 11-7, nr. 5a) er det forbode med nye tiltak som nemnt i § 20-1 bokstav a, d, k, l og m, som ikkje har tilknytning til stadbunden næring.*
- b) *Innafor arealformålet LNFR skal det leggjast vekt på god tilpassing til landskapet og stadeigen byggeskikk. Ved oppføring nytt bustadhus (bustad nr. 2) på gardsbruk, er hovudregel at huset skal plasserast som ein del av tunet og bli tilpassa den eksisterande bygningsmasse. Omsynet til jordvern, kulturminne og verdifulle kulturmiljø skal ivaretakast.*
- c) *Tiltak i LNFR-område som ikkje er avklara gjennom reguleringsplan, slik som store driftsbygningar i landbruket, landbruksvegar, VA-anlegg og kraftforsyningstiltak, skal leggjast fram for kulturmyndighetene enten som byggesak, dispensasjonssak eller i samband med konsesjonshandsaming.*

I LNFR-området er det forbod mot oppføring og utviding av spreidd busetnad eller næringsbygg som ikkje er knytt til stadbunden næring. Kommunen vil handheve ein streng dispensasjonspraksis av omsyn til jordbruksmiljøet i området og av omsyn til nærleik til kommunalt opparbeidde bustad- og næringsområde.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Landbruks- og matdepartementets vegleiar «Garden som ressurs» (H-2401- 2017), skal leggjast til grunn for tolking om tiltak er å sjå på som landbrukstilknytt næringsverksemd eller ikkje.

6.1.1 Dispensasjon for bygge- og anleggstiltak i LNFR-område.

Dispensasjon frå kommuneplan kan gjevast berre når vektige argument ligg til grunn og krev grunngjeve søknad. Før dispensasjonssøknaden blir behandla skal saka sendast til høyring til regionale og statlege myndigheter, og naboar skal varslast i samsvar med PBL. § 19-1.

Kommunen ynskjer å halde ei streng haldning til dispensasjon når det gjeld bygging og utviding av fritidsbustadar i LNFR og for buer i høgjellet. Med buer i denne samanheng, er meint tradisjonelle jakt- og fiskebuer, tilsynsbuer i primærnæringane med vidare.

Dersom det blir gjeve dispensasjon for byggetiltak i LNFR gjeld desse avgrensingane:

- a) *Dersom det blir gjeve dispensasjon for bygging eller utviding av bustadar i LNFR-område, kan bustad oppførast med ein eller to etasjar med bruksareal inntil $BRA = 300 \text{ m}^2$. Bruksareal helt under terreng (kjeller) inngår ikkje i berekning av bruksarealet for bustadhuset. I tillegg kan det oppførast garasje/uthus med samla bruksareal inntil $BRA = 150 \text{ m}^2$. Utnyttingsgrad skal likevel ikkje vere større enn bygd areal $BYA = 30 \%$ av tomtestorleiken.*
- b) *Dersom det blir gjeve dispensasjon for bygging eller utviding av fritidsbustad i LNFR-område som ligg under 1000 m.o.h. , kan dette skje med samla areal inntil $BRA = 125 \text{ m}^2$. I tillegg kan det byggjast inntil 40% terrasse av arealet ovanfor eller maks 40 m^2 . Utnyttingsgrad skal likevel ikkje vere større enn bygd areal $BYA = 30 \%$ av tomtestorleiken.*
- c) *Dersom det blir gjeve dispensasjon for bygging eller utviding av fritidsbustad i LNFR-område og buar som ligg over 1000 m.o.h. , kan dette skje med samla areal inntil $BRA = 20 \text{ m}^2$. Mønehøgde over grunnmur skal ikkje overstige 3 m . Eksisterande steinbuer i fjellet skal framleis vera steinbuer.*
- d) *Etter søknad kan det oppførast nye utedoar i LNFR-område over/nærliggjande 1000 m.o.h. med eit maksimalt utvendig areal på 3 m^2*

Når det gjeld definisjon av BRA og BYA, viser ein til § 5-4 vegleiaren «Grad av utnytting» frå Kommunal og moderniseringsdepartementet.

6.1.2 Turstigar og tilrettelegging for friluftsliv i LNFR-område.

For å styrke folkehelsearbeidet ynskjer kommunen ein aktiv bruk av utmarka til friluftsførmål. Dette inneber m.a. merking av stiger i LNFR-områda. Stigmerking skal i hovudsak skje etter stiger som er etablert frå før. Ein bør unngå viktige viltbiotopar der det ikkje er ynskje om auka ferdsel. For å stimulere til auka bruk av stignettet kan det, etter søknad, etablerast enkle installasjonar som gapahukar eller liknande ved turmålet på inntil 10 m² for å gje ly.

6.1.3 Deling i LNFR-område i samband med strukturrasjonalisering.

Retningslinjer for deling i samband med strukturrasjonalisering i landbruket:

1. Kommunen ynskjer som hovudregel at alle bruk blir selt samla, med hus, areal og rettar som naturleg høyrer til garden. Grunngevinga for dette har som basis busetting og ivaretaking av kulturlandskapet. Sakene skal behandlast etter jordlova og eventuelt etter plan- og bygningslova.
2. Det kan påreknast delingsløyve der deling gjev god bruksrasjonalisering og når:
 - a. Bruket er under grensa for buplikt (noverande grense for odelseigedom: 25 daa fulldyrka og/eller overflatedyrka jord eller 500 daa produktiv skog).
 - b. Husa på bruket er i svært dårleg forfatning
 - c. Arealet har vore bortleigd til anna bruk i lengre periode, og er ein viktig del av driftsgrunnlaget for kjøparen sin eigedom.
3. Generelt gjeld at frådeling er lettare å godkjenne i tilfelle der tunet blir fast busetnad enn ved bruk som fritidseigedom.
4. Når det gjeld frådeling av areal på sætre, må det i første rekkje avklarast mellom setereigar og Skjåk Almanning som grunneigar (i dei fleste tilfella). Dersom omgjeriing til fritidsbustad medfører omdisponering av dyrka eller dyrkbar mark, må saka også behandlast etter jordlova.
5. Eventuell omgjeriing frå bustad til fritidseigedom må skje ut frå plan- og bygningslova (bruksendring). Behandling av eventuell delingssøknad må skje i høve til jordlova, plan- og bygningslova og føringar i kommuneplan.
6. Når det gjeld storleiken på arealet som blir fråskild og omdisponert (tunet), må ikkje delinga skape urasjonell arrondering av areala eller skape vesentlege ulemper for landbruket i framtida. Kor stort areal som kan delast frå og bli omdisponert, må vurderast i høve til kulturlandskapet og avgrensast i forhold til at arealet bør omfatte bygningar som naturleg høyrar saman. Arealet bør ikkje vere større enn 5 daa.

6.1.4 Skogshusvære i LNFR-område.

Retningslinjer for byggetiltak som gjeld skogshusvære:

1. Bygningen skal ha preg av å vere eit skogshusvære og ikkje eit fritidsbygg.
2. Bygningen skal normalt ikkje overstige BYA= 20 m², dersom det ikkje kan dokumenterast at større bygg er nødvendig. Mønehøgde over grunnmur skal ikkje overstige 3 m.
3. Før skogshusvære kan førast opp eller utvidast, skal det liggje føre ei landbruksfagleg uttale som tilrår tiltaket.

6.1.5 Bygningar på setre i LNFR-område.

Retningslinjer for byggetiltak på sætre:

1. Plan- og bygningslova krev at desse bygga skal søkjast til kommunen.

2. Ei seter skal normalt ikkje ha meir enn eit hus for opphald. Løyve til å oppføre fleire seterhus for opphald, kan berre gjevast der det kan bli dokumentert at bygget er del av næringsverksemd knytt til garden. Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Landbruks- og matdepartementets vegleiar «Garden som ressurs» (H-2401- 2017) skal leggast til grunn for tolking om byggetiltaket er å sjå på som landbrukstilknytt næringsverksemd eller ikkje.
3. Ved nybygg kan eldre hus etter søknad bli ståande, dersom det er knytt sterk verneverdi til bygningen.
4. Restaurering/tilbygg av husvære på setrene må skje slik at det vert mest mogleg likt det opphavlege.

6.1.6 Tilsynsbuar i LNFR-område.

Retningslinjer for byggetiltak for tilsynsbuar:

1. Bygningen skal ha preg av å vere ei tilsynsbu, der næringsinteresser i tilknytning til beite, tilsyn med vassvegar o.l. kjem klart fram. Standard utover dette skal unngåast. Bygningen skal normalt ikkje overstige $BYA = 20 \text{ m}^2$ dersom det ikkje kan dokumenterast at større bygg er nødvendig. Mønehøgde over grunnmur skal ikkje overstige 3 m. Før tilsynsbu kan førast opp eller utvidast, skal det liggje føre ei landbruksfagleg uttale som tilrår tiltaket.
2. Sambruk for alle som har næringsinteresser av ovannemnde karakter i området må stimulerast. Det kan bety at grunneigar også bør kunne ha tilgang til buene i utøving av oppsynsteneste o.l. Personar som startar opp aktuell næring, må få høve til å kjøpe seg inn i bua når dokumentert behov er der.

6.2 LNFR for spreidd bustadbyggnad (PBL. § 11-7, nr. 5b)

Areal som ligg i planen som LNFR for spreidd bustadbyggnad, omfattar areal som i kommuneplanen frå 2011 var lagt ut som byggeområde for bustadar, men som har vist seg å ligge innafor faresoner for flaum eller skred. Dette omfattar 80 bustadtomter. Arealbruken er her endra til LNFR for spreidd bustadbyggnad, og areala treng da ikkje avklarast i forhold til LNFR-føremålet. Dispensasjon for bygge og anleggstiltak i LNFR-området er da ikkje påkravd, men flaumfaren og/eller skredfaren må avklarast for byggeløyve kan gjevast, jf. kap. 2.2, kap. 8.1.4 og kap. 8.1.5. Dei bustadtomtene som ligg i planen som *LNFR spreidd bustadbyggnad – eksisterande* – er teikna inn på plankartet, og liste over dei ligg som vedlegg til planføresegnene.

For areal som ligg som LNFR for spreidd bustadbyggnad gjeld følgjande føresegnar:

- a) For bygge- og anleggstiltak på tomter lagt ut som LNFR for spreidd bustadbyggnad, skal det før løyve kan bli gjeve, godtgjerast at det ikkje er fare for flaum, steinsprang, jord- og flaumskred eller snøskred, eller at det kan gjennomførast tiltak som gjer at sikkerheitskrava i byggtেকnisk forskrift (TEK) kan bli oppfylt. Rapport som gjeld dette skal bli utarbeidd av fagkyndige.
- b) Der sikkerheitskrava nemnt over kan bli innfridd, kan det i LNFR for spreidd bustadbyggnad, bli gjeve løyve til oppføring eller utviding av bustad med bruksareal inntil $BRA = 300 \text{ m}^2$ med ein eller to etasjar. Bruksareal helt under terreng (kjeller) inngår ikkje i berekning av bruksarealet for bustadhuset. I tillegg kan det oppførast garasje/uthus med samla bruksareal inntil $BRA = 150 \text{ m}^2$. Utnyttingsgrad skal likevel ikkje vere større enn bygd areal $BYA = 30 \%$ av tomtestorleiken.

6.3 LNFR for spreidd fritidsbygnad (PBL. § 11-7, nr. 5b)

Areal som ligg i planen som LNFR for spreidd fritidsbygnad, omfattar areal som i kommuneplanen frå 2011 var lagt ut som byggeområde for fritidsbustadar, men som har vist seg å ligge innafor faresoner for flaum eller skred. Dette omfattar 27 tomter for fritidsbustadar. Arealbruken er her endra til LNFR for spreidd fritidsbygnad, og areala treng da ikkje avklarast i forhold til LNFR-føremålet. Dispensasjon for bygge og anleggstiltak i LNFR-området er da ikkje påkravd, men flaumfaren og/eller skredfaren må avklarast for byggeløyve kan gjevast, jf. kap. 2.2, kap. 8.1.4 og kap. 8.1.5. Dei tomtene for fritidsbustadar som ligg i planen som *LNFR spreidd fritidsbygnad – eksisterande* – er teikna inn på plankartet, og liste over dei ligg som vedlegg til planføresegnene.

For areal som ligg som LNFR for spreidd fritidsbygnad gjeld følgjande føresegnar:

- a) For bygge- og anleggstiltak på tomter lagt ut som LNFR for spreidd fritidsbygnad, skal det før løyve kan bli gjeve, godtgjerast at det ikkje er fare for flaum, steinsprang, jord- og flaumskred eller snøskred, eller at det kan gjennomførast tiltak som gjer at sikkerheitskrava i byggteknisk forskrift (TEK) kan bli oppfylt. Rapport som gjeld dette skal bli utarbeidd av fagkyndige.
- b) Der sikkerheitskrava nemnt over kan bli innfridd, kan det i LNFR for spreidd fritidsbygnad, bli gjeve løyve til oppføring eller utviding av fritidsbustad med bruksareal inntil 125 m². I tillegg kan det byggjast inntil 40% terrasse av arealet ovanfor eller maks 40 m². Utnyttingsgrad skal likevel ikkje vere større enn bygd areal BYA = 30 % av tomtestorleiken.

KAP 7. BRUK OG VERN AV VASSDRAG – PBL. § 11-7 nr. 6.

Arealet i denne arealbrukskategorien lagt ut som *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone*, med unntak av areal innafor Risheimsøyane naturreservat som er lagt ut som naturområde i vassdrag. Areala omfattar vassareal, deltaområde, strandområde og ein del mindre øyar og holmar.

Byggegrense mot vassdrag og reglar om bevaring av kantvegetasjon går fram av føresegnene pkt. 2.3.

7.1 Verna vassdrag.

I Skjåk er elvane Skjøle, Tundre og Ostre med sideelvar verna etter verneplan II (1980) for vassdrag. Lora med sideelver er verna etter verneplan I (1973). Etter supplering i 2005 er også elvane Tora (m/Føysa), Glitra, Blankåe, Måråe og Åfotgrove med sideelvar verna. Desse elvene er verna mot kraftutbygging og alle bygningsmessige og anleggsmessige inngrep i elva/elveløpet, sideelvar i hovudsak inntil 100 meter frå elvebreidda (jf. føresegnene pkt. 2.2).

KAP 8. OMSYNSSONER PBL. §11-8.

Kommuneplanens arealdel skal i nødvendig utstrekning vise omsyn og restriksjonar som har påverkar bruken av areal. Omsynssonene skal markerast på arealplankartet og til desse kan det bli knytt føresegnar og retningslinjer.

8.1 Sikrings-, støy og faresoner (PBL. § 11-8a)

8.1.1 Sikringssone – område for grunnvassforsyning (H120).

Sikringssone for grunnvassforsyning for drikkevatn er vist på plankartet som H120-1 til H120-9. I sikringssonene gjeld følgjande føresegn:

- a) Tiltak som vil forureine eller kan representere ein fare for forureining av drikkevasskjeldene og deira nedbørsfelt / tilsigsområde er ikkje lov, jf. § 4 i Forskrift om vassforsyning og drikkevatn (drikkevassforskrifta) av 2016-12-22 nr 1868.
- b) Det skal ikkje bli etablerast nye bygge- eller næringsområde i godkjente drikkevasskjelders nedslagsfelt, med mindre det med konsekvensutgreiing klart kan dokumenterast at aktiviteten ikkje kan medføre økt tilførsel av forureining til vasskjelda. Forslag til nye planer og tiltak skal høyrast hos råka vassverkseigarar og Mattilsynet.

Retningslinjer knytt til sikringssoner for grunnvassforsyning:

Det er nytta følgjande soneinndeling for sikringssonene:

Sone 0: Skal vera eit område på mellom 10 – 30 meter frå grunnvasskjeldane. Sona blir tilrådt inngjerda og tilsådd.

Sone I: Denne sona skal markere kvar grunnvatnet drenerer til brønnane. Grensa markerer ei berekna opphaldstid for grunnvatnet i metta sone på minst 60 døgn i metta sone ved maksimal pumpebelastning.

Sone II: Er området utanfor 60 døgnsona der grunnvatnet med sikkerheit vil nå brunnen og kan påverke vasskvaliteten.

Sone III: Restriksjonar for denne sona skal omfatte ting som kan føre til auka belastning for sone I og II eller som kan forureine grunnen.

Som ekstra sikkerheit bør forureiningslova handhevast strengt i nedbørsfeltet til vassdrag som har tilsig til grunnvasskjeldene.

Restriksjonar i dei ulike sikringssonene:

Sone 0 :

- Her er all aktivitet som ikkje har noko med vassverket å gjere forbode. Sona skal helst vera inngjerda.

Sone I

- Punktutslipp og infiltrasjonsanlegg er ikkje tillate.
- Nye bygg bør berre bli tillate unntaksvis og da med spesielle toalett-løysingar som ikkje kan gi forureining i grunn. Det bør vera minst 2 meter umetta sone under leidningsanlegg, såle til bygningen og grunnvassnivå, og grøftene må ha fall ut av sona.

- Lagring av olje, oljeprodukt og andre stoff er ikkje tillate.
- Plassar for deponering av avfall, slam og liknande er ikkje tillate.
- Jordbruksdrift bør vera så liten som mogleg.
- Kunstgjødsel bør avgrensast til optimalt nivå og husdyrgjødsel skal ikkje nyttast.
- Skogbruksdrift kan normalt skje, men drivstofflager og fylling av drivstoff blir ikkje tillate, heller ikkje barking.
- Leirplassar, stemneplassar eller liknande blir normalt ikkje tillate.

Sone II

- Avgrensingar for bygging
- Infiltrasjon i grunnen er ikkje tillate
- Lagring av olje, oljeprodukt og andre stoff kan tillatast i små mengder. Nedgrave oljetank er forbode.
- Deponiplassar er forbode
- Nye veger, bør ikkje tillatast
- Større campingplassar er forbode

Sone III

- Større infiltrasjonsanlegg er forbode.
- Større deponi for avfall, slam og liknande er forbode.
- Større lager av olje og oljeprodukt og kjemikaliar er forbode.
- Forureinande industriverksemd er forbode.
- Anlegg av energibrunnar er forbode.
- Bymessig utbygging er forbode.

8.1.2 Støysoner (H220 og H290).

Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442, 2012) skal leggjast til grunn ved behandling av tiltak nær støykjelder, jf. planføresegnene pkt. 2.9.

Støysoner er avlagt på plankartet langs offentleg veg (H220_1 til H220_6) og kring skytebaneanlegg (H290_1). Støysone langs veg er henta frå støyvarselkart frå Statens vegvesen med avgrensing av gul støysone.

8.1.4 Faresone for ras og skred (H310).

Det er lagt inn faresoner for ras og skred på plankartet. Faresonene omfattar alle typar ras og skred (snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred og dels sørpeskred) og er ei samanstilling av karta frå faresonekartlegginga som vart gjort i regi av NVE i Skjåk i 2018 og aktsemdskarta for skred på den nasjonale basen Skrednett. Faresonekartlegginga frå 2018 er basert på synfaringar av geologar i felt, modellering frå laserdata med høg oppløysing og vurderingar ut frå lokale forhold, og er den mest nøyaktige. Faresonene frå denne kartlegginga viser ein reell fare for skred med årleg sannsyn 1/1000, og er avlagt på plankartet som H310_2. Aktsemdskarta for skred er i hovudsak basert på GIS-analysar som plukkar ut rasfarleg område med grunnlag i ein grovare terrengmodell, og det er ikkje gjort synfaringar i felt slik at lokale faktorar ikkje er vurdert. Faresonene som er avlagt frå aktsemdskarta er namna H310_1, og viser potensielle område for utløyning og utlaup av skred der det ved bygge- og anleggstiltak vert pålagd å gjere nærare vurdering av skredfaren.

For bygge- og anleggstiltak og eigedomssdeling innfor faresone skred gjeld følgjande føresegnar:

- a) Innafor omsynssone H310_1 skredfare, er det ikkje tillate med byggetiltak, jf. PBL. § 1-6. Det skal ikkje bli gjeve løyve for nye tiltak (PBL. §1-6) innafor faresona før det er klart at området kan vise tilstrekkeleg sikkerheit mot skred anten gjennom friskmelding som ei følgje av farekartlegging eller etter ei fagleg utgreidd sikring i samsvar med sikkerheitsklasser og sikkerheitskrav gitt i byggtেকnisk forskrift (TEK).
- b) Innafor omsynssone H310_2 kartlagt faresone for skred, er det ikkje tillate med byggetiltak, jf. PBL. § 1-6. Dersom det skal bli gjeve løyve for nye tiltak (PBL. §1-6) innafor faresona, skal tilstrekkeleg sikkerheit mot skred, jf. sikkerheitsklassar og sikkerheitskrav gitt i byggtেকnisk forskrift (TEK), være dokumentert ivareteke gjennom fagleg tilfredsstillande sikring før bygging kan starte.

8.1.5 Faresone for flaum (H320).

Det er lagt inn faresoner for flaum på plankartet. I Ottaelva på strekninga forbi Bismo (frå Skamsarbrue til Ofossen), er faresone for flaum lagt inn slik dei går fram av flaumsonekart frå vasslineberekning utført av Norconsult AS/Hydrateam i 2019 (200-årsflaum med klimapåslag). Faresonene frå flaumsonekartet viser reell flaumfare med årleg sannsyn 1/200 + klimapåslag og er avlagt på plankartet som H320_2. Faresonene for flaum som elles er avlagt på plankartet er namna H320_1, og må sjåast på som aktsemdområde for flaum der det ved bygge- og anleggstiltak vert pålagt å gjere nærare vurdering av flaumfaren.

For bygge- og anleggstiltak og eigedomssdeling innfor faresone flaum gjeld følgjande føresegnar:

- a) Innafor omsynssone H320_1 flaumfare, er det ikkje tillate med byggetiltak, jf. PBL. § 1-6. Det skal ikkje bli gjeve løyve for nye tiltak (PBL. §1-6) innafor faresonen før det er klart at området kan vise tilstrekkeleg sikkerheit mot flaum eller erosjon anten gjennom friskmelding som ei følgje av farekartlegging eller etter ei fagleg utgreidd sikring i samsvar med sikkerheitsklasser og sikkerheitskrav gitt i byggtেকnisk forskrift (TEK).
- b) Innafor omsynssone H320_2 kartlagt faresone for flaum, er det ikkje tillate med byggetiltak, jf. PBL. § 1-6. Dersom det skal bli gjeve løyve for nye tiltak (PBL. §1-6) innafor faresona, skal tilstrekkeleg sikkerheit mot flaum eller erosjon, jf. sikkerheitsklassar og sikkerheitskrav gitt i byggtেকnisk forskrift (TEK), være dokumentert ivareteke gjennom fagleg tilfredsstillande sikring før bygging kan starte.

8.1.6 Faresone skytebane (H360).

Det er lagt inn faresone skytebane på plankartet som omfattar arealbruksformålet for skytebanen i Nordberg H360_1.

8.1.7 Faresone høgspenningsanlegg (H370).

Det er lagt inn faresone høgspenningsanlegg langs dei store eksisterande kraftlinene (132 og 66 kv) H370_01.

For bygge- og anleggstiltak nær store kraftliner gjeld følgjande føresegnar:

- a) *Ved ny eller endring av eksisterande busetnad innanfor faresone for kraftline skal det leggjast fram ei måling av strålingsnivå. Det er ikkje lovleg å oppføre nye bustadhus dersom strålingsnivået overskrid 0,4 μ T.*
- b) *Tilbygg til eksisterande bygningar innafor faresone for kraftline skal så langt det er mogleg, plasserast slik at det får minst mogleg strålingsnivå.*

8.2. Soner med særleg omsyn til landbruk, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, PBL. § 11-8 c.

8.2.1. Område med særlege omsyn til landbruk – sætermiljø (H510).

Det er avsett fire omsynssoner i plankartet der setermiljøet er det dominerande, og som viser eldre setermiljø som i stor grad er intakt. Innafor desse sonene skal takast særlege omsyn til landbruk - setermiljø:

- H510_1 Botn seter
- H510_2 Lundadalsetra
- H510_3 Sota seter
- H510_4 Tundradalsetra

Retningslinjer for omsynssoner med særlege omsyn til landbruk - setermiljø:

- Innafor sonene H510_1 til H510_4 skal alle nye tiltak skal bli planlagd og vurdert ut frå omsyn til setermiljøets og kulturlandskapets verdier før det kan takast stilling til om tiltaket kan bli gjennomført. Det skal spesielt tas omsyn til bygningsmiljøets særpreg i området.
- Innafor sonene H510_1 til H510_4 skal det særskilte grunnar til for å kunne gjennomføre bygge og anleggstiltak som ikkje direkte rettar seg mot utøving av landbrukstilknytt næringsverksemd. Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Landbruks- og matdepartementets vegleiar «Garden som ressurs» (H-2401- 2017) skal leggjast til grunn for tolking om tiltak er å sjå på som landbrukstilknytt næringsverksemd eller ikkje.

8.2.2. Område med særlege omsyn til friluftsliv (H530).

Det er avsett følgjande omsynssoner i plankartet der det skal visast særskilte omsyn til friluftsliv:

- H530_01 Aurdalen
- H530_02 Aursjoen med kulturstig
- H530_03 Bångråttjønn
- H530_04 Botn
- H530_05 Grotli mot Kjerringtjønnen
- H530_06 Hamsevika
- H530_07 Aualehaugen
- H530_08 Framruste
- H530_09 Ånstadøya langs Otta elv
- H530_10 Bismo langs Otta elv
- H530_11 Harsheimlia

Retningslinjer for omsynssoner med særlege omsyn til friluftsliv:

- I sonene H530_1 til H530_8 er friluftsliv ei særskilt viktig interesse.
- Naturkvalitetar og verdier knytt til friluftsliv og barn og unge sin bruk av uteområda skal bevarast.
- Tilgjenge for allmenta skal ivaretakast.
- Tiltak som fremjar friluftsliv og samstundes ivaretek formålet LNFR er lov. Enkle installasjonar som fremmar friluftslivet som t.d. mindre gapahukar mv. kan tillatast.

8.2.3. Område med særlege omsyn til landskap (H550).

Det er avsett ei omsynssone i plankartet der det skal visast særskilte omsyn til landskap: H550_1 Geitryggen i Lundadalen.

Geitryggen er store bresjøavsetningar med fleire høgder på deltaflatene (terrasser).

Retningslinjer for omsynssona med særlege omsyn til landskap:

- Innafor omsynssona kring Geitryggen er det ikkje lov å setje i verk tiltak som kan øydeleggje eller skade det særeigne landskapet.

8.2.4. Område med særlege omsyn til naturmiljø (H560).

Det er avsett omsynssoner i plankartet der det skal visast særskilte omsyn til naturmiljø:

- H560_01 Dønfoss camping, vilttrekk
- H560_02 Aurmo, bevaring Skjåkfuru
- H560_03 og H560_04 Bismo bevaring av bekken Fjuken
- H560_05 til H560_07 Slåttemark
- H560_08 til H560_11 Naturtyper med A-verdi
- H560_12 Nysetra (Veltfjellet – Raudberget)
- H560_13 Bråtåvatnet
- H560_14 til H560_19 Soner for villrein henta frå regional plan for Ottadalen
- H560_20 Elvedelta Otta elv

Omsynssonene viser område der det er registrert viktige naturtypar, prioriterte artar mv.

Retningslinjer for omsynssoner med særlege omsyn til naturmiljø:

- Innafor omsynssonene er det ikkje lov å setje i verk tiltak som kan øydelegge, forstyrre eller vesentleg redusere kvaliteten av naturtypar og leveområde for prioriterte artar.

8.2.5. Omsynssone som omfattar randsoner til nasjonalt villreinområde (H580).

Det er avsett omsynssoner i plankartet som omfattar randsoner til nasjonalt villreinområde i regionalplan for Ottadalen (nasjonalt villreinområde):

- H580_01 til H580_05 Randsoner til nasjonalt villreinområde

Retningsline for omsynssonene H580_01 til H580_05:

- Innafor omsynssonene er det ikkje lov å setje i verk tiltak som kan øydelegge, forstyrre eller vesentleg redusere kvaliteten av leveområde for villrein (nasjonalt villreinområde).

8.2.6. Område med særlege omsyn til kulturmiljø (H570).

Det er avsett omsynssoner på plankartet der det skal visast særskilte omsyn til kulturmiljø:

- H570_01 Fangstgroper mv. innafor reguleringsplan Dønfoss/Øyberget
- H570_02 Tomtar frå tidleg busetting innafor reguleringsplan Aurmo
- H570_03 til H570_05 Lokaltetar med buplass og groper innafor reguleringsplan Grotli
- H570_06 Gamalt gardstun innafor reguleringsplan Skei
- H570_07A Listeført kyrkje, Skjåk
- H570_07B Listeført kyrkje, Nordberg
- H570_08 Freda gardstun, Uppigard Skjåk
- H570_09 Verdifullt kulturlandskap Bråtgrendi
- H570_10 Kulturlandskap Skei - Harsheim
- H570_11 Tørrstugu Skamsar bru innafor reguleringsplan Bismo industriområde
- H570_12 til H570_1106 Kulturminne registrert lokalt - i alt 891 område

For områda i omsynssonene gjeld desse føresegnene:

- a) Omsynssone H570_01 omfattar dei automatisk freda kulturminna ID.020859, ID.02860, ID78370 og ID41900. Landskapet innanfor sonen skal ivaretakast slik det er i dag. Tiltak utover vanleg vedlikehald skal skje i samråd med kulturminnemyndighetene.
- b) Omsynssone H570_02, H570_3 og H570_4 omfattar buplassar som er freda. Landskapet innanfor sonen skal ivaretakast slik det er i dag. Tiltak utover vanleg vedlikehald skal skje i samråd med kulturminnemyndighetene.
- c) Omsynssone H570_05 omfattar dei automatisk freda kulturminna ID.02852, ID12464 og ID.32179. Landskapet innanfor sonen skal ivaretakast slik det er i dag. Tiltak utover vanleg vedlikehald skal skje i samråd med kulturminnemyndighetene.
- d) Omsynssone H570_07A og H570_07B ligg kring Skjåk kyrkje og Nordberg kyrkje. Desse kyrkjene er listeførte kyrkjer av nasjonal verdi. Ved vedlikehald og utbetringar skal fasadeuttrykk og konstruksjon bevarast. Fasadeelement som vindauge, dørar, kledning, takteking, samt overflatebehandling skal så langt som mogeleg bevarast i sin opphavlege tilstand. Ved naudsynt utskifting brukast same type materialar som originalt. Alle tiltak skal føreleggast kulturminnemyndigheita, jf. rundskriv T-3/2000 (kyrkjerundskrivet).
- e) All bygging nærare Skjåk kyrkje og Nordberg kyrkje enn 60 m er forbode etter kyrkelovas § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Ved all planlegging av tiltak i kyrkjas nære omgjevnader, skal de bli teke omsyn til kyrkjas plassering og verknad i landskapet. Alle saker som gjeld kyrkjer skal bli behandla av kyrkjeleg myndigheit etter kyrkelova. Saker som medfører inngrep i den listeførte kyrkja, skal bli behandla av Riksantikvaren. Saker som gjeld omgjevnaden til den listeførte kyrkja skal sendast fylkeskommunen for rådgjeving.
- f) Innafor omsynssone H570_08 ligg det freda gardstunet Uppigard Skjåk. Alle tiltak innanfor sonen skal sendast over til regional kulturmyndigheit for uttale.

Retningslinjer for kulturmiljø:

- Det verdifulle kulturlandskapet skal forvaltast slik at kulturminne og kulturmiljø, biologisk verdifulle miljø, jordbruksareal, tilgjenge og den visuelle opplevinga av landskapet blir oppretthalde som grunnlag for landbruk, kunnskap, oppleving, verdiskaping, rekreasjon og friluftsliv.
- Det skal leggjast spesiell vekt på kulturlandskapsomsyn ved behandling av saker etter jordlova og tilhøyrande forskrifter. Dette gjelder også ved vurdering av om inngrep som vil forringe kulturlandskapet skal bli godkjente på førehand, jf. miljøkrava i forskrift om produksjonstilskot.
- Konsekvensane av varige fysiske inngrep skal synleggjerast. Kva for dokumentasjon som skal leggjast ved søknaden vil variere avhengig av type sak, og skal avklarast med kommunen.
- Søknader og meldingar om tiltak som vil kunne få konsekvensar for kulturlandskapet skal sendast til uttale til regionale mynde eller statleg sektormynd som kan bli berørt.
- Innanfor det verdifulle kulturlandskapsområdet skal det først ein streng dispensasjonspraksis. Alle vedtak om dispensasjon skal bli sed over til berørte regionale mynde eller statlege sektormynd som vil kunne vurdere å påklage vedtaket.
- Gamle ferdselsvegar skal behaldast i størst mogleg grad med dagens lineføring, kurvatur, breidde og kantvegetasjon. Der det av omsyn til trafiksikkerheit eller framkomst må gjerast tiltak, bør desse gjennomførast så skånsamt som mogleg. Gamle dråger og stigar bør ryddast og bli tilrettelagd for ferdsel.
- Ved planlegging av veger og anlegg for teletenester og energioverføring skal det stillast krav til estetisk kvalitet og utforming.
- Gamle vassvegar, også dei som ikkje lenger er i bruk, skal takast vare på.

8.3. Bandlagte områder, PBL. § 11-8 d.

8.3.1 Område som er bandlagt etter naturmangfaldlova (H720):

Det er avsett bandleggingssoner på plankartet for område som er verna etter naturmangfaldlova:

- H720_01-02 Breheimen nasjonalpark, nasjonal forskrift 2009.08.07 nr 1064
- H720_03 Reinheimen nasjonalpark, nasjonal forskrift 2006.11.24 nr 1302
- H720_04 Ottadalen landskapsvernområde, nasjonal forskrift 2006.11.24 nr 1306
- H720_05 Strynefjellet landskapsvernområde, nasjonal forskrift 2009.08.07 nr 1065
- H720_06 Mysubytta landskapsvernområde, nasjonal forskrift 2009.08.07 nr 1066
- H720_07 Risheimøya naturreservat, nasjonal forskrift 1990.10.12 nr 0830
- H720_08 Einstullia naturreservat, nasjonal forskrift 2013.01.25 nr. 104
- H720_09 Honnsrøve naturreservat, nasjonal forskrift 2005.06.10 nr 0578

8.3.2 Område som er bandlagt etter kulturminnelova (H730):

Det er avsett bandleggingssonar på plankartet for område som er verna etter kulturminnelova:

Alle anlegg før 1537 er automatisk freda etter lov om kulturminne. På plankartet er dei største områda der det ligg slike kulturminne vist som bandlagt areal (data frå fylkeskommunen)

H730_01	Veganlegg. RV15 i Breiddalen og FV258 Strynsfjellvegen
H730_02 til H730_11	Gardstun
H730_12 til H730_14	Kyrkjestader
H730_15 til H730_262	Automatisk freda kulturminne inkl. sikringssone.

Retningslinjer for område som er bandlagt etter kulturminnelova:

Inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminna er ikkje lov utan at det blir gjeve dispensasjon frå kulturminnelova. Alle tiltak utover ordinært vedlikehald på freda bygningar krev dispensasjon frå kulturminnelova.

KAP 9 FØRESEGNSSOMRÅDE #1 – INDRE SENTRUMSSONE I BISMO

Føremålet med føresegnssområdet er å styrke Bismo som tettstad og handelssenter, bidra til god arealutnytting og legge til rette for transportløysingar som tek omsyn til miljø og folkehelse. Føresegna skal sikre at nye handelsverksemder over ein viss storleik får ei sentrumsnær lokalisering, dvs. innanfor gangavstand frå sentrumskjernen. Etablering på dyrka mark skal unngåast.

Definisjonar:

Handelsverksemder: Alle verksemder som driv med sal av varer til private sluttbrukarar.

Kjøpesenter: Detaljhandel innanfor same bygning eller bygningskompleks, som blir etablert, drive eller står fram som ei samla eining, samt utsal som krev at kundane må ha medlems- eller kundekort. Daglegvareforretningar er å oppfatte som kjøpesenter i denne samanheng, det same er varehus.

Også handelsverksemder lokalisert i fleire einingar innanfor eit område som t.d. ein handelspark blir også rekna som kjøpesenter.

Plass - og/ eller transportkrevjande varehandel: Handelsverksemder der den dominerande delen av vareutvalet når det gjeld omsetning er bilar, båtar, landbruksmaskiner, trelast og større byggevarer, samt utsal frå hagesentrar og planteskular.

Føresegner som gjeld for KpFøresegnssOmråde #1:

- a) Nye handelsverksemder eller kjøpesenter større enn 1500 m² BRA, kan berre lokaliserast innanfor indre sentrumssone. Føresegna gjeld også for utviding av verksemder/kjøpesenter.*
- b) Nye handelsverksemder eller kjøpesenter innanfor indre sentrumssone kan ha maksimal storleik 3000 m² BRA. Føresegna gjeld også for utviding av slike verksemder/ senter.*
- c) Arealgrensene og krav til lokalisering i punkt a) og b) over gjeld ikkje plass- og/eller transportkrevjande varehandel som er lokalisert slik at den har tilkomst frå hovudveg utan at trafiksikkerheit, bukvalitet eller jordvern i planområdet blir skadelidande.*
- d) Fylkeskommunen kan gje dispensasjon frå føresegnene i punkt a) og b) over etter samråd med Fylkesmannen og kommunen. Søknader om dispensasjon frå føresegna skal behandlast i samsvar med vilkår og saksbehandlingsreglar i punkt 5.4.4 i Regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland, vedteken av Oppland fylkesting 15.06.2016.*

Føresegna er utarbeidd med utgangspunkt i "Regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland", vedteken av Oppland fylkesting 15.06.2016. Bismo har ingen status i denne planen, men det er sagt at retningslinene til planen med fordel kan nyttast for lokale sentre så langt det er naturleg.

KAP 10 FØRESEGNER FOR SKILT OG REKLAME

Alle skilt og reklameinnretningar er søknadspliktige jf. plan- og bygningslovens § 93, og skal bli godkjend av kommunen før de blir satt opp. Skilt og reklame (frittstående og plassert på bygg) langs riks- og fylkesveg krev i tillegg løyve frå vegstyresmaktene, jf. vegloven.

Føresegnene har som formål å ta vare på prinsippet om universell utforming, trafikktryggleik og ein estetisk god utforming av skilt og reklame i felles omgjevnad og offentleg rom i kommunen, i samsvar med plan- og bygningsloven § 1-1, § 30-3 og NS 3041.

Definisjonar av skilt:

- Skilt og reklameinnretningar: Samleomgrep for alle innretningar som formidlar, eller er eigna til å formidle eller marknadsføre eit budskap.
- Reklameskilt: skilt og liknande innretning som annonserer varer, tenester, arrangement og liknande.
- Verksemdskilt (forretnings/føretaksskilt): Skilt og liknand innretning som formidlar budskap om verksemda på staden/i bygningen.
- Frittstående skilt: Skilt som er plassert på frittstående innretning (på stolpe, flaggstong, sokkel, mast, stativ mm).
- Lausfotskilt/gatebukkar: Skilt og liknande innretning som enkelt kan flyttast.
- Nedhengskilt: Skilt og liknande innretning som er montert ned frå tak, balkong og liknande.
- Uthengsskilt: Skilt og liknande innretning som er montert vertikalt ut frå bygningen sin fasade.
- Vindaugsdekor: Skilt og reklame i form av tekst, måling, folie eller tilsvarande som er påført vindaug eller dører.
- Ljoskilt: Skilt og liknande innretning som er belyst eller som har integrert ljøs.
- Byggeplasskilt: Midlertidig skilt og liknande innretning montert på byggeplassar i byggeperioden med informasjon om involverte føretak, tiltaket og tilsvarande.
- Skiltplan: Samla plan for plassering av skilt og liknande innretningar innanfor eit avgrensa område/bygning, som viser plassering, utføring, materialbruk og storleik.

10.1 Utforming og plassering av skilt og reklame.

- a) *Skilt og reklameinnretningar skal tilpassast eksisterande bygning/bygningsmiljø og utformast slik at det teke omsyn til, og tilfredsstiller rimelege visuelle omsyn både i forhold til seg sjølv og i forhold til omgjevnaden. Skilt og reklameinnretningar skal ha moderat storleik, utforming og farge, og skal harmonere med bygningsmiljøet på staden. Blinkande, skiftande eller pulserande ljoskilt og reklameinnretningar er ikkje tillate.*

b) *Skilt og reklameinnretningar skal ikkje være til hinder for ferdsel eller til fare for omgjevnaden på anna måte.*

c) *Skilt og reklameinnretningar må ikkje plasserast på møne, takflate, takutstikk, gesims, stolpe eller støyskjerm/gjerde.*

- d) Skilt og reklameinnretningar skal ikkje ha tal, bokstavar eller symbol som kvar for seg er høgare ein 1 meter.
- e) For kvar verksemd blir det ikkje tillate meir enn eit uthengsskilt og eit veggskilt (verksemdskilt). Kommunen kan gjera unntak for verksemder som disponerer fasadar langs fleire fortau eller gater/vegar.
- f) Skilt og reklameinnretningar skal ikkje vera eller virke samanhengande over heile eller store deler av fasaden, og visuell eksponeringsflate skal ikkje dekkje meir enn $\frac{1}{4}$ av bygningens horisontale fasadelengde, avgrensa til 4 m. Montering av fleire skilt og reklameinnretningar nær kvarandre, blir rekna som same visuelle eksponeringsflate som eitt skilt.
- g) Reklameskilt kan berre oppførast i avgrensa omfang, maksimalt 2 pr. verksemd. Ljosskilt, medrekna ljaskasser kan tillatast dersom dei har tette sider og front der berre tekst og eventuell logo gjev ljøs. Det same gjeld uthengsskilt under $0,5 \text{ m}^2$. Skilt skal fortrinnsvis ha indirekte belysing. Blinkande og/eller rørlege ljøs vert ikkje tillate. Gesims utforma som lysande kasser er ikkje tillate.
- h) Uthengsskilt på bygningar o.l. skal avgrensast mest mogleg. Uthengsskilt skal ikkje ha opplysing. Største bredde skal vera 1m og fri høgde over fortau skal vera minst 2,5 m. Framspringet må ikkje vere lenger ut enn at det er minst 0,5 m fri horisontal avstand til fortauskant. Største tillate areal er $0,5 \text{ m}^2$.
- i) Frittståande skilt kan berre godkjennast i avgrensa omfang, som til dømes ved utarbeiding av samla skiltplan for eit område.
- j) Lausfotskilt/gatebukkar skal avgrensast mest mogleg, og er ikkje tillate på fortau eller andre område der det kan vera til hinder for gåande, syklande, med særleg fokus på orienterings- og rørslehemma. Det må også takast særskilt omsyn til frisktliner i veg/gatekryss.

KAP 11 BRUKSENDING AV FRITIDSHUS TIL BUSTADHUS

Følgjande retningslinjer skal gjelde for behandling av søknadar om bruksending av fritidshus til bustadhus:

- a) Etter søknad kan fritidseigedom som det er bygd på, og som har med godkjent vatn- og avlaupsordning og godkjent trafikksikker tilkomst til heilårsveg, midlertidig nyttast som bustad av eigar inntil nytt eigarskifte. Om søknaden skal innvilgast må fritidsbustaden skal vere lett tilgjengeleg i forhold til at kommunen evt. må yte ulike typar offentleg tenester.
- b) Ved bruksending av fritidshus til bustadhus med avkøyrrel til riks- eller fylkesveg, må det søkast vegstyresmakta om endra bruk av avkøyrrel
- c) Saka skal bli behandla som dispensasjonssøknad, og naboar skal bli varsla og skal ha høve til å uttale seg til søknaden.
- d) Blir søknaden innvilga skal kommunale gebyr/avgifter skal følgje satsane for bustad så lenge som dispensasjonen gjeld. Eigedommen skal følge renovasjonsordninga for fritidsbustadar.
- e) Kvar søknad skal bli gjeve individuell behandling, der omsyn til landbruk, natur og friluftsliv, tomta si arrondering og lokalisering, naboomsyn, området totale belastning og andre relevante tema skal bli teke i vare.

- f) Fritidsbustaden skal ikkje liggje i område utsett for naturfarar (faresoner for skred, flaum eller erosjon), jf. kap. 2.2, kap. 8.1.4 og kap. 8.1.5.
- g) Fritidsbustaden skal ikkje liggje i sone med byggjeforbod langs vassdrag, jf. kap. 2.3.
- h) Fritidsbustaden skal ikkje liggje i område med viktige naturtypar, arter eller kulturminne, jf. kap. 8.2.5, kap.8.2.6 og kap. 8.2.7 og kap. 8.3.
- i) For at det skal bli gjeve dispensasjon for å midlertidig nytte fritidsbustad som bustad, må eigar melde flytting til kommunen.

VEDLEGG TIL PLANFØRESEGNE.

A Bustadeigedomar som er vidareført som byggeområde for bustadbygnad frå kommuneplanen frå 2011 (jf. kap. 3.1):

21/16, 21/18, 21/20, 21/27, 21/28, 22/6, 23/8, 23/9, 23/11, 23/12, 23/27, 23/10, 23/13, 23/14, 23/15, 23/17, 23/20, 23/23, 23/24, 23/35, 23/28, 23/30, 23/32, 23/34, 23/37, 23/39, 23/45, 23/48, 23/49, 23/53, 24/12, 24/14, 24/16, 24/17, 24/29, 24/30, 24/31, 24/33, 24/34, 24/35, 24/36, 25/14, 25/21, 25/27, 25/28, 25/61, 26/1, 26/21, 26/22, 26/45, 26/48, 26/50, 27/29, 27/30, 27/32, 27/34, 27/43, 27/44, 27/46, 27/47, 27/48, 28/12, 28/22, 28/26, 35/3, 35/4, 36/1/13, 36/8, 36/9, 36/10, 36/11, 36/12, 36/14, 36/15, 36/17, 36/18, 36/19, 37/2, 37/4, 37/6, 40/2/1, 40/5, 40/20, 42/13, 42/18, 42/27, 42/43, 42/44, 42/45, 42/53, 44/5, 44/14, 44/15, 44/16, 51/5, 51/7, 51/8, 51/9, 51/17, 53/3, 61/11, 61/12, 61/17, 61/22, 61/23, 84/2, 84/3, 84/4, 84/5, 84/6, 84/7, 84/8, 84/9, 84/10, 84/12, 84/13, 84/14, 96/5, 96/6, 96/7, 119/9, 119/10, 126/26, 126/70, 126/71, 126/85, 126/86, 135/3, 135/4, 178/2, 178/3, 178/4, 202/1, 212/1, 216/2, 219/1, 221/1, 227/1, 228/1, 229/1, 246/1/30, 246/1/33, 246/1/52, 246/1/85 og 246/1/574.

B Bustadeigedomar som er lagt inn som byggeområde for bustadbygnad ved planrevisjonen (jf. kap. 3.1):

52/3, 55/10, 56/1/1, 56/3, 56/4, 56/6, 57/1, 57/11, 57/12, 57/14, 57/15, 57/20, 57/21, 57/23, 58/1/2, 58/5, 61/10, 61/15, 61/32, 89/2, 89/4, 93/18, 93/23, 93/28, 118/19, 118/32, 118/35, 152/2, 214/1 og 218/1.

C Bustadeigedomar som er endra frå byggeområde for bustadbygnad til LNFR spreidd bustadbygnad ved planrevisjonen (jf. kap 6.2):

21/14, 21/30, 22/13, 23/40, 23/41, 23/42, 25/17, 25/18, 25/23, 25/30, 25/51, 25/52, 25/58, 25/62, 25/65, 25/66, 26/15, 26/47, 32/19, 32/55, 33/7, 33/66, 33/68, 34/6, 34/9, 34/26, 35/7, 35/9, 36/1/12, 37/3, 42/7, 42/17, 42/36, 42/41, 42/47, 45/12, 50/15, 50/16, 51/25, 61/13, 61/14, 61/27, 61/29, 94/4, 120/4, 120/7, 122/3, 23/5, 126/87, 126/126, 136/2, 139/2, 141/2, 141/3, 141/4, 141/6, 141/7, 141/8, 144/1, 167/2, 172/2, 181/1, 181/2, 191/7, 195/2, 200/1, 200/2, 211/1, 213/1, 217/1, 232/1, 236/1, 246/1/24, 246/1/66, 246/1/76, 246/1/2, 246/1/92, 246/1/95, 246/1/97, 246/1/147, 246/1/445, 246/1/567, 246/43 og 246/57.

D Eigedomar for fritidsbustadar som er vidareført som byggeområde for fritidsbygnad frå kommuneplanen frå 2011 (jf. kap. 3.2):

23/31, 42/48, 42/50 og 42/56.

E Eigedomar for fritidsbustadar som er endra frå byggeområde for fritidsbygnad til LNFR spreidd fritidsbygnad ved planrevisjonen (jf. kap 6.2):

21/17, 21/22, 21/23, 24/32, 26/23, 25/29, 26/42, 26/47, 28/23, 42/19, 42/46, 42/51, 42/52, 61/18, 61/24, 195/3 og 246/1/12.